

Arbeidsprogram 2022-2023

for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda, vedtatt 02.11.23.

Overordna målsetjing

Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.

Organisasjonsverksemd

Studentparlamentet skal vere delaktig studentpolitisk både nasjonalt, regionalt og lokalt ved å:

- Ha eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest
- Slutte seg opp om politiske demonstrasjonar og aksjonar frå respektive NSO og SAIH når dei inntreff
- Invitere Studentrådet i UH-nett Vest til Volda for eit to-dagars seminar
- Bli involvert i kommunepolitikken og prosessane som er relevante for oss
- Ha jamn kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i Høgskulestyret og SiVolda-styret
- Kalle inn til leiingsmøte med rektorat og SiVolda på månedleg basis
- Ha låg terskel for innspel til saker som Studentparlamentet kan jobbe med

Kommunikasjon og informasjon

Studentparlamentet skal utvikle kommunikasjonsstrategien sin slik at studentane har god kjennskap til Studentparlamentet og vårt arbeid ved å:

- Vere synleg heile året, blant anna under Fadderveka og vekene etter studiestart med både stand og aktivitet i rebusløpet
- Arrangere infomøte om Studentparlamentet i nominasjonsperioda før parlamentsvalet
- Spele inn og vise introduksjonsvideo om Studentparlamentet til alle årskull
- Halde informasjonen på nettsidene oppdatert
- Samarbeide med kontor for kommunikasjon for utvikling av SoMe-strategi

- Forenkle studentrelevante vedtak som blir gjort i Studentparlamentet slik at det når ut til resten av studentane gjennom Studentparlamentet sine sosiale kanalar, og systematisk poste om gjennomslag og saker parlamentet jobbar med
- Ha minst åtte innlegg på sosiale media innan kvar fjerde veke er omme

Studentparlamentet skal sikre høg deltaking i både studentundersøkingar og Studentdemokratiet ved å:

- Gi informasjon på sosiale media som Facebook, Instagram og Høgskulens nettside tidleg som råd, som t.d. annonsering av val
- Jobbe for at informasjon om val, studentundersøkingar og anna viktig info frå Studentparlamentet kan leggjast ut på Canvas
- Opprette ein kanal på Canvas som alle studentar har tilgang på og som driftast av Studentparlamentet.
- Utarbeide ein plan for Høgskulens rolle i rutinar for promotering og gjennomføring av studentval.
- Ha stand på Berte Kanutte, Kaarstad og Hans Strøm før og under valperioden

Studentvelferd

Studentparlamentet skal bidra til trivsel og god psykisk helse blant studentane, og leggje til rette for eit aktivt og inkluderande studentmiljø ved å:

- Følgje Studentparlamentets forplikningar til mandatet i Velferdsgruppa
- Påverke i prosedyrar på Høgskulen der det planleggjast møteplassar for studentar, som til dømes nye Hans Strøm.
- Prioritere førebyggjande lågterskeltiltak og arrangement på campus
- Sørgje for at Rokken tilbyr lågterskel, alkoholfrie tilbod gjennom såret
- Gi studentorganisasjonane og –festivalane tilknytt HVO gode forhold gjennom velferdsmidlar og praktisk tilrettelegging
- Jobbe for eigna lokale sentralt på campus for studentorganisasjonane

Studentparlamentet skal jobbe for eit godt velferdstilbod frå Studentsamskipnaden i Volda ved å:

- Jobbe for at helsetilbodet til studentane blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg
- Ha god dialog med SiVolda i korleis det totale velferdstilbodet kan vidareutviklast
- Utfordre SiVolda-styret på å gje AU tilgang på sakspapira

Utdanningskvalitet

Studentparlamentet skal jobbe for å betre dei praktiske studietilhøva for studentane ved å:

- Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert slik at studentar i minst mogleg grad skal betale eigenandel på studieturar, for programvare m.m.
- Ivareta moglegheita til å drive hybrid/digital undervisning ved behov
- Jobbe for at videoopptak av forelesing blir tilgjengeleg for studentane i etterkant
- Oppretthalde tilbodet om døgnopne klasserom
- Jobbe for døgnopne bibliotek på campus
- Sørge for at førelesarar ved Høgskulen får grunnleggjande opplæring i bruk av teknisk utstyr i undervisningsrom, eventuelt instruksar på alle rom

Studentparlamentet skal leggje til rette for at dei tillitsvalde på studieprogramma blir trygge i rolla ved å:

- Tilby god innføring i vervet for alle tillitsvalde på studieprogramnivå
- Gjere dei tillitsvalde kjende med verktøy og støttefunksjonar dei kan nytte
- Bidra til at Studentombodet blir kjent for studentane og dei tillitsvalde
- Tilby faste- og vara tillitsvalde informasjon om studentrettigheter og Høgskulens som verksemd gjennom allmøte for tillitsvalde og kanalar på sosiale media

Mangfald og inkludering

Studentparlamentet skal sikre at alle studentar kjenner seg velkomne uavhengig av bakgrunn, kjønn, etnisitet, legning eller funksjonsnivå ved å:

- Ha eit godt tilrettelagt og universelt utforma campus
- Sikre at mest mogleg av undervisninga er tilrettelagt så langt som råd, og at studenttenester og studentvelferd er tilgjengeleg for alle
- Få Høgskulen til å oppgradere sei-ifrå-systemet for betre handtering av mobbing, diskriminering og trakassering
- Gjere sei-ifrå-systemet kjent gjennom Canvas
- Jobbe mot drikkepress, og skape meir normalitet rundt det å ikkje drikke
- Støtte Bygdepride ved å delta i den årlege paraden

Studentparlamentet skal fremje inkludering av internasjonale studentar ved å:

- Dele ut pris for internasjonalisering kvart år

- Jobbe for betre inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom kontinuerleg samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek
- Sikre at Fadderveka tek omsyn til internasjonale studentar i programmet
- Gjennomføre “Norwegian Night” i byrjinga av semesteret

Miljø og berekraft

Studentparlamentet skal følgje opp på miljø- og berekraftsmessige saker ved å:

- Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak og miljøordningar på heile campus og har FNs berekraftsmål i fokus
- Aktivt sørge for at HVO har Miljøfyrtårn-sertifisering
- Leggje press på at talet på parkeringsplassar er berekraftig
- Få byggja eit sykkelhus mellom BK og Kaarstad
- Iverksetje ei gå-kampanje i mars 2023
- Få HVO til å bli ein Fairtrade verksemd
- Få fleire stasjonar for søppelsortering og gjennvinnig på campus

Studentparlamentet skal betre eigen miljøprofil ved å:

- Redusere bruk av eingongsartiklar og andre miljøbelastande produkt
- Velje Fairtrade kaffi og te i innkjøp og dagleg drift
- Reise miljøvenleg der det er høveleg